



INFORMASJON

# Kyrkjebod

MENIGHETSBLAD FOR RJUKAN OG TINNBYGDENE

Nr. 1 - 67. årgang

Påsken 2022




Altartavla i Hovin kyrkje (Les side 4)

## GOD PÅSKE!

Følg kirkeniTinn på



DU ER ALLTID VELKOMMEN TIL GUDSTJENESTE  
- SØNDAG ER KIRKEDAG





**Ætt skal følgja ætterad**

## TINN SOKN

### Hovin kyrkje

#### Døpte:

Ingeborg Victoria Sauro

#### Døde

29.10.21: Alv Rue

### Austbygde

#### Døpte:

Tone Runnekås Nesbakken

Eilev Asland

Mats Skårnes Meland

Ludvik Brekka Thosand

#### Døde:

30.12.21: Gunvor Skarpåsen

### Atrå

#### Døpte:

Signe Gardsteig

### Mæl

#### Døpte:

Kristine Hovden

#### Døde:

20.01.22: Kari Kvålaskås

05.02.22: Birgit Engell

## RJUKAN SOKN

#### Døpte

Andreas Engell Bråthen

#### Døde:

25.10.21: Torill Fossmo

03.11.21: Dagrun Marie Forberg

12.11.21: Solveig Kristine Eggerud

14.11.21: Margot Landgraff Larsen

26.11.21: Elin Edvardsen

01.12.21: Bjørg Foss

19.12.21: Åse Bjørnsdatter Buberg

03.01.22: Åse Lillian Espeset

13.01.22: Aslaug Kåsa

23.01.22: Sigurd Dalen

29.01.22: Tørstein H. Lurås

## Skirva fjellkyrkje

### Leirsted - Selskapslokale - Rimelig overnatting

Leter du etter et fint selskaplokale i spesielt vakre omgivelser?  
Trenger du rimelig overnatting for gjestene og lekerom for barna?

Eller leter du etter et leirsted for barne- eller  
ungdomsgruppa du leder?

Skirva fjellkyrkje har alt du trenger og leier ut til rimelige priser.

**Kontakt 470 46 170 - [www.skirva.no](http://www.skirva.no)**

## KYRKJESKYSS I TINN

Treng du skyss til gudstenester eller arrangement i kyrkja, så ver ikkje redd for å ringja eit av nummera nedanfor:

Austbygde: Tollheim 91 77 37 63 / 47 67 49 16

Atrå: Hvalen 48 00 88 24 / 90 95 71 24

Mæl: Øvsterud 47 04 61 70

## «Kirkekakebakeliste»

Er du glad i å bake - til kirken trenger vi kake.

Når klokkene ringer, til kirken vi springer.

Litt kirkesaft og kirkekaffe må vi ha, men hvor kommer kakene fra?

Vil du hjelpe oss å bake, eller vil du bare komme og smake?

Vi trenger deg, så bare ring i vei.

Ring eller SMS til: Edel 95 24 19 32 eller Grete 90 56 23 16  
Sokneråd/kirkering

## «Skirvas Venner»

takker for gaver og minner om

**kto.nr. 2620.42.57034**

**Stoff til Kyrkjebod  
mottas med takk!**

**Siste frist til nr. 2 - 2022:**

**25. MAI**

**Skriv og send det til:  
[terje@markedspartner-tp.no](mailto:terje@markedspartner-tp.no)**

**Tinn kirkelige  
fellesråd**

**Rjukan kirke, 3660 Rjukan**

**Tel: 35 08 28 60**

**[post@kirken.tinn.no](mailto:post@kirken.tinn.no)**



# Ingen har større kjærleik enn den som gjev livet sitt for venene sine

Morsdagen var dagen eg først tenkte på kva eg skulle skrive i dette nummeret av Kyrkjebod. Me kan ha mange og ulike erfaringar med mødre, men ein ting er sikkert – utan mor hadde me ikkje hatt livet. Eg takkar mor for det ho gav meg.

## Foreldre har ei stor og viktig oppgåve

Når eit barn blir boren til dåp er ansvaret foreldre og fadrar har - formulert slik:

«De skal vere vitne om at barnet er døypt med den kristne dåpen. Saman med kyrkjelyden vår og heile kyrkja får de del i eit heilagt ansvar: å visa omsorg for barnet, be for barnet, lære barnet sjølv å be og hjelpe barnet til å bruka Guds ord og delta i den heilage nattverden, så barnet kan leva og veksa i den kristne trua.»

Eit ord du som mor og far kan ta til deg er dette:

*Lær den unge vegen han skal gå, så vik han ikkje av når han blir gammal.*  
Salomos ordtak 22,6

## Skulle likevel mor gløyme barnet sitt skal ikkje Herren gløyme

Sjølv tilbake i tida til profeten Jesaja var tanken på at ei mor kunne gløyme barnet sitt kjent. Dette er truleg meir vanleg i vår tid.

Skriftordet lyder slik:

*Sion seier:*

*«HERREN har forlate meg,*

*Herren har gløymt meg.»*

*Kan ei kvinne gløyma sitt diande barn, ei omsorgsfull mor det barnet ho bar?*

*Sjølv om dei skulle gløyma, skal ikkje eg gløyma deg.*

*Sjå, eg har teikna deg i bendene mine, murane dine er alltid framfor meg.*

Jesaja 49,15-16

Me kan kjenne oss gløymt og aleine. Dette gjeld alle - born, unge, vaksne og eldre. Her høyrer me sanning frå Guds ord – eit eige løfte me skal få tru og kvile i. Herren gløymmer ikkje sine.

Ja, det gjeld Israelsfolket, men det gjeld like visst alle dei Herren har skapt i sitt bilete – mennesket – og det gjeld så visst kvar og ein av oss. Me er skapt – villa av Gud. Herren kallar oss ved namn – me får høyre Han til.

Ein del av konfirmantopplegget vårt har namnet «Ønsket og elsket». Det er viktig for oss å stadfeste Guds gode vilje for kvart menneske, at Gud er ein personleg Gud som har skapt oss i sitt bilete, han elskar oss, han vil oss vel, han vil gje oss framtid og håp.

## Krossen viser oss Jesu kjærleik


Jesus er venen som gav livet sitt for venene (Joh 15,13). Me er framme ved det djupe mysteriet – Jesus gjorde nettopp det han sa. Han viste oss kor høgt han elskar

oss menneske ved å gje livet sitt for oss – han døydd på krossen og sto opp frå dei døde tredje dag. Dette er det sentrale punktet i den kristne tru, og Paulus er tydeleg når han seier det slik i første Korinterbrev 1,22. «For eg hadde fastsett at eg ikkje ville vita av noko anna hos dykk enn Jesus Kristus og han krossfest.» Denne livgivande kjærleiken kan me leve i og døy i. Han er med oss alle dagar og alle slags dagar.

Kingo skreiv denne salmestrofa i 1689. Det er ei bøn.

*Skriv deg, Jesus på mitt hjerte,  
du min konge og min Gud,  
at ei lyst, ei heller smerte,  
deg formår å slette ut!  
Denne innskrift på meg sett:  
Jesus i fra Nasaret,  
den korsfestede min are  
og min salighet skal være.*

Guds Fred!  
Toralf Frøysaa Lie



# Kyrkjebod

**Redaktør:**

Terje Paulsen, mobil 93 23 71 20 - e-mail: [terje@markedspartner-tp.no](mailto:terje@markedspartner-tp.no)

**Medarbeidarar:**

Hans Kr. Langeland, Grete Ingeborg Vestby, sokneprest Morten Arnesen, sokneprest Toralf Frøysaa Lie, Gunnar Erling Undersrud og Knut Arne Urdalen Snøås.



# Altartavlene i Hovin kyrkje

Altartavla i Hovin kyrkje har i dag si opphavlege utsjånad.

I hovudfeltet gul kross på mørkeblå botn, og toppstykket, Lammet med fana (Den sigrande Kristus), ståande på toppen av eit fjell.

På kvar side av tavla er det ein portal inn til altaret. På kvar av desse portalane er det ein kross på toppen med ei måla stjerne.

På den eine krossen er stjerna måla i gult og grønt, og på den andre er stjerna måla gråsvart. Symbolikken i dette er klar. I midten av altartavla er Kristi kross, og ut til kvar side er røvarane, jfr. Lukas 23, 39-43.

Under målinga i 1912 gjennomgjekk hovudfeltet ei større forandring. Krossen vart ståande der, men han vart oppattmåla i ei anna gulfarge, og perspektivet vart endra. Bakrunnen vart måla i ei lysare blåfarge, og bak krossen vart det måla ein skogkledd haug med ein veg som slynga seg oppover og enda i krossstommen.

Fargane på rammeverket vart i 1912 og endra frå det opphavlege; eikelasur, gråkvitt og gult til mahognylasur, blått, grønt, gult, gull og gråkvitt.

I 1921 vart det skaffa nye måleri til altartavla. Dei var måla av Harald Brun. Hovudfeltet her er Marias førebod, og på

toppstykket himmel, skyer og englehovud.

Desse måleria vart då sett utanpå dei gamle.

Under restaureringa av kyrkja i 1979-80 reiste spørsmålet seg om å fjerne dei nye måleria og restaurere dei opphavlege.

Den 21. februar 1980 vart det halde eit kyrkjelydsmøte i kyrkja for å ta stilling til dette.

Ved avrøysting vart det stort fleir-

tal for å få tilbake dei opphavlege altarbileta, krossen og lammet.

Måleriet, Marias førebod vart hengt opp på sudveggen i kyrkja. Toppstykket vart hengt opp bak orgelet, men er no lagt vekk oppe i tårnet.

Altartavla vart så restaurert attende til det opphavlege, og har no si utsjånad slik ho vart laga til kyrkja i 1850.

Knut Arne Snøås



*Inne i Hovin kyrkje*



«**Emigrantvisa**» eller «**I Tinn i Telemarken min vugge sto**» er et skillingstrykk.  
Denne emigrantvisa ble presentert i visespalten til Alf Prøysen i «Magasinet for alle» i 1957.  
Åste Tollheim fant denne på garden Håkaland. Skrive av Thore A Bakke.

## Emigrantvisa Av Thore A. Bakke

I Tinn i Telemarken engang min vugge sto,  
i gamle Gausetbygden under Sortefjellets fot,  
der svant min barndomsdage i trange husmannskår,  
dog glad jeg ser tilbake på disse kjære år.

Den lille simple stuen som mellom stene står,  
hvor jeg tilbrakte livet i mine barneår,  
der har jeg kjære minner fra livets skjønnne vår  
som aldri mer man finner i livets eldre år.

Der har jeg ryddet stene, der har jeg plukket bær,  
og ingen plett på jorden kan blive meg så kjær.  
Og der som huringutten jeg gjettede fe og sang  
og titt jeg kunne falle når jeg på tresko sprang.

Og når så sneen dekket vår kjære Norges jord,  
jeg ski på foten satte og ut for bakken fór,  
og mangel kolbøtte jeg der i bakken slår  
omkring vår lille hytte som opp i åsen står.

Min hu den sto til jakten den største lyst det var  
jeg riflen tok på nakken og så til skogs det bar,  
og flere elg og bjørne for riflen min har falt,  
ja endog lure Mikkell ham gikk det også galt.

Den kolde vintermorgen da sto jeg tidlig opp,  
da satt den stolte tiur så høyt på furutopp,  
dog gjaldt det om at skyte som øvet jegersmann  
og flere ble mitt bytte enn jeg det minnes kan.

Til det kjære gamle høyfjell dit dro jeg mangel gang,  
for ørreten at trekke i Reksjøens klare vann,  
der har jeg plukket multer den hele dagen lang,  
den frukten neppe finnes i noe annet land.

Men disse glade dage de snart en ende fikk,  
og livet med sitt alvor meg snart i møte gikk,  
og snart jeg kunne se at en fattig husmannssønn,  
vil alltid fattig blive og slave for sin lønn.

Og snart jeg meg bestemte at gå til onkel Sam,  
den gode gamle herre har givet manget hjem.  
Og om jeg rett meg skikker han hjelper også mig  
derpå jeg er nok sikker thi han er god og rik.

Så sagde jeg farvel til min gamle far og mor,  
og så til slekt og venner som rundt i bygden bor.  
Og så et blick jeg kastet på Atrå kirkegård  
og ærlig må jeg tilstå jeg fellede en tår.

For der min kjære fader er lagt til hvile ned,  
Gud fader ham velsigne og giv ham evig fred.  
Og hjelp oss Gud og Fader ja alle hver og en  
at alle vi kan samles hos deg i himmelen.

Og der ved faders side der hviler søstre to,  
ja og en liten broder er gått til evig ro.  
I Atrås gamle kirke som står der like ved  
jeg døpt er, konfirmeret o minnerike sted.

Den andre mars man skriver år nittenhundre tre,  
mitt anker da jeg letter og seilte så avsted.  
Og sant så må jeg si, en tår på kinnen randt  
da jeg så gamle Norge i horisonten randt.

Vi elleve dage seilte i horisonten blå,  
inntil vi onkels rike i horisonten så.  
Og reisen var en lysttur, ja likt et gjestebud  
inntil vi nået landet hvortil vi vandret ut.

På denne jorden spredtes vi om i øst og vest  
men Gud har det jo skikket og vet hva som er best.  
Når tiden her er omme, han samler alle inn  
som røsten hans vil kjenne til Gud i himmelen.

Nu takk da Gud og fader for følge over hav  
ja følg meg gjennom livet inntil jeg går i grav.  
Og da når livsens klokke det siste slaget slår  
Gud gi min sjel hos deg en evig hvile får.

## Endret forståelse

Et yndet uttrykk blant kommentatorer når politikere arbeider seg fram til et kompromiss i en sak, er at en av partene, eller begge må «sluke noen kameler» - godta noe de egentlig er imot. Opprinnelsen til uttrykket finnes i Matt. ev. 23, 24: «Blinde veiledere, som siler bort myggen, men sluker kamelen!»! Jesus irettesetter skriftlærde og fariseere som hekter seg opp i små ting, bagateller, men ikke bryr seg om de viktige tingene i livet.

Per Egil Hegge tok dette opp i Aftenposten. Daværende sjefredaktør forsikret: «Vi har slukt vår siste kamel». Men det tok ikke lang tid før alt var som før. Den nye tolkningen lar seg nok ikke endre. Det må vi avfinne oss med.

HKL





# En drope vatn gjev håp i tørken



Tenner håp: Takondwa Phanga er agronom og brukar yrket sitt til å få bønder i Malawi ut av fattigdom.

**Alt Takondwa Phanga (26) tar i spirar og gror, og det går gjetord om den flinke agronomen i mils omkrins. Sjølv har han berre eit mål og det er å dele raust med kunnskapen sin, slik at småbønder kan kome seg ut av fattigdom og svolt.**

Av: Anette Torjusen  
Foto: Håvard Bjelland

Tørke skaper akutt svoltkrise for millionar av menneske kvar einaste dag.

Eit håp kan byrje med ein drope vatn. Det kan gje ei framtid utan svolt, fattigdom og konflikt. Vatn kan endre eit liv, ein landsby og eit land. Vatn er livsviktig. Ein av dei som ser det kvar einaste dag er agronom Tankondwa Phanga.

Vi er i landsbyen Chingagwe i Malawi, der tolv småbønder får opplæring i moderne jordbruk.

– Her hjelper eg småbønder med å få høgare kvalitet på avlingane sine

slik at dei kan hauste meir og samstundes auke inntektene sine, fortel han.

Prosjektet starta i desember 2020, og allereie eit år seinare har bøndene tredobla inntektene sine. Sjølv gjev han opplæring i 17 område.

Målet er å få småbønder ut av fattigdom og svolt, samstundes som dei utviklar seg som bønder. I Malawi lever 80 prosent av landbruk, og så mange som fire millionar menneske manglar tilgang til vatn.

Dei tolv bøndene vi møter i dag, har investert i eit sett med kvalitetsfrø, eit vatningssystem og gjødsel. I tillegg lærer dei seg gode metodar for å utvikle jordbruket sitt.

– Jobben min er perfekt for meg. Lidenskapen min er å hjelpe bønder til å utvikle seg slik at dei kan få betre resultat. Gjennom jobben min kan eg vere med på å gjere ein forskjell.

Det tradisjonelle jordbruket skaper stort press på både jorda og vassressursane. Dei moderne jordbruksmetodane, som gjev større og sikrere avlingar på mindre areal og brukar mindre vatn, er utilgjengelege for småbønder i verdas fattigaste land. Både irrigasjonsutstyr, frø og kunstgjødsel blir berre selde i store kvanta. Bøndene manglar utdanning og dei færreste har råd til å investere.

Bønder som brukar moderne jordbruksteknologi, slepp å hente vatn i brønnar og elver. I staden for fyller dei ei bømte med vatn, som er kopla til to slangar. Slangane har små hol, slik at vatnet pipar ut og gjev ei jamn vatning av grønsakene. Bøndene kjøper seg ei startpakke som består av kvalitetsfrø, eit irrigasjonssystem og gjødsel. Eit slikt sett kostar rundt 100 kroner. Før måtte dei hente vatn fleire gongar om dagen slik at plantene fekk nok vatn. Takka vere irrigasjonssystemet, får plantene vatnet dei treng.

Ofte kan det vere trøgt om plassen i landsbyar og hagar, difor er





*Nye metodar: Agronomen har ansvar for 17 område med 12 bønder i kvart område. Han lærer dei om nye metodar og korleis ein får mest ut av grønsakakeren sin.*

også plassutnytting eit viktig tema Phanga lærer bort. I staden for å plante ei rad med tomatar, brukar dei same plassen til å dyrke to rader. I tillegg får bøndene ei innføring i kva grønsaker som eignar seg best å dyrke og korleis dei best bør lagrast slik at dei kan auke inntektene sine.

– Bøndene som er med i prosjektet har tent nok til å kjøpe seg ein hønsegard, skoleuniformer eller sende barna på skole. Dei har også nok mat til heile familien. I tillegg

kan vi sjå at dei kjøper meir land og på den måten utvidar jordbruksarealet sitt, forklarer han. Etter at bøndene vart med i prosjektet, kan agronomen sjå stor forskjell i liva til folk.

– Bøndene og familiane deira har no enkel og føreseieleg tilgang til grønsaker. Dei har auka inntektene sine og dei investerer vidare. Før hadde dei kanskje ingen eller lite pengar. No har dei ei stabil inntekt, som syter for næringsrik mat på bordet kvar einaste dag.

Denne endringa gjer at han har tru på framtida.

– Målet mitt er å få andre til å sjå korleis dei sjølv kan endre liva sine. Som nyutdanna håpa eg at eg skulle få oppfylt draumen min om å jobbe i Kyrkjas Nødhjelp. No gjer eg det, og det gjer meg glad og takksam. Måten Kyrkjas Nødhjelp jobbar med lokalsamfunn på, er riktig og viktig. Eg er veldig stolt over at eg får vere med på å forandre verda.



## Årets Fasteaksjon: tysdag 5. april 2022

Kirkens Nødhjelp markerer vårt 75-års jubileum i 2022, med håp som overordnet tematikk. Fasteaksjonen er en viktig del av markeringen, og har fått tittelen «Håp i en dråpe vann».

På vegne av kirkene i Norge, jobber Kirkens Nødhjelp med å sikre at mennesker i nød får tilgang til vann, hygiene- og sanitære løsninger. Dette har vært tema for Fasteaksjonen siden 2015. I 2022 har vi også et spesielt fokus på klimatilpasset jordbruk, gjennom vanning via dryppsystemer. Dråpene fra rørene gir liv og vekst, som igjen gir inntekter og mulighet for å forsørge seg og sine. Dere vil bli spesielt kjent med arbeidet vårt i Malawi, der vi blant annet møter Takondwa Phanga, som er på bildet i artikkelen. Han er agronom, og lærer bort moderne jordbruksteknologi til småbønder for å bekjempe sult og fattigdom.

**Vi gleder oss til å sammen mobilisere, slik at flere mennesker får tilgang til vann!**



**Her kan du lese mer om arbeidet til NMS i Thailand.**

## **HVA GJØR NMS I THAILAND?**

Sammen med Den evangelisk-lutherske kirke i Thailand (ELCT) er vi med på å gi barn og unge fra fattige kår en bedre start på livet. I tillegg bidrar vi med økonomisk støtte til opplæring og kursing for kirkens medarbeidere og medlemmer. Vi er også engasjert i klimasmart jordbruk og landsbyutvikling i avsidesliggende landsbyer nord i Thailand.

## **LOVSANGSHJEMMET**

Barnehage i slummen i Bangkok. Området er preget av store sosiale problemer; fattigdom, splittede familier, rus og kriminalitet. På Lovsangshjemmet får barna omsorg og trygghet, og de får leke, lære, spise og hvile.

## **NÅDEHJEMMET**

Et hjem for gravide i en vanskelig livssituasjon. Her kan de få hjelp og støtte gjennom svangerskap, fødsel og barseltid. De får arbeidstrening og oppmuntring til å gjenopprette kontakt med familie og nettverk.

## **LØRDAGSKLUBBER**

Et tilbud til barn fra minoritetsfolk i Nord-Thailand. Det er et trygt sted å være, der blant annet undervisning om barns rettigheter, egen kultur, naturvern, grønnsaksdyrking og bibelhistorier står på agendaen.

## **FOREBYGGING**

### **AV MENNESKEHANDEL**

Thailand er et av landene med mest menneskehandel. «Sterke og trygge familier» er et prosjekt som har som mål å sikre barns rettigheter, forebygge menneskehandel og styrke familier.

## **KLIMASMART JORDBRUK**

For kirken i Nan-provinsen i Nord-Thailand har metodene fra såkalt regenerativt jordbruk ført til at de nå får gode avlinger flere ganger i året. Kirken ønsker å være et læringssenter der bønder i nabolaget kan inspireres og få opplæring.

## **USE YOUR TALENTS**

Kirken har ikke nok prester. Derfor er opplæring av frivillige spesielt viktig. Kvinner og menn settes i stand til tjeneste i kirken. De deler troen på Jesus og formidler nåde i et land der den vanlige tankegangen er at en får som fortjent.


## **FAKTA OM THAILAND**

- Innbyggertall: 69,7 mill.
- Religion: Buddhister 95%, muslimer 4%, andre/uspesifisert/ingen 1%
- Levekår: Økende forskjeller mellom rike og fattige.
- Næringsveier: Jordbruk, fiske, industri, turisme. Verdens største eksportør av ris og gummi.
- Styresett: Konstitusjonelt monarki. Politikken er turbulent. Gjentatte militærkupp.

Kilde: [www.fn.no](http://www.fn.no)

# Foredrag i Rjukan kirke

**I serien av historiske foredrag knyttet til Rjukan har Rjukan kirke allerede hatt mange strålende besøk av kjente og svært dyktige foredragsholdere.**



Ottar Lien.

Rjukanpatriot Ottar Lien startet det hele 14. november med et svært interessant foredrag om «etablering og fremvekst av Dale som samfunn i tiden etter oppstart av Mår kraftverk i 1948».

Han vektla de lokale forholdene omkring oppvekst og sosiale forhold, ikke bare omkring kraftverket, men hele Dale på begge sider av elva fra Tvergrot til Gaustajordet.



Tom Nilsen.

Tom Nilsen, tidligere samfunnsfag- og historielærer på Rjukan videregående skole, gjestet kirken i gudstjenesten søndag 16. januar. Hans tema var: **«Forholdet mellom arbeiderbevegelsen og kirken på Rjukan».**

I foredraget kom han inn på at Arbeiderbevegelsen og kirka i mange sammenhenger har blitt sett som motpoler som prøvde å motarbeide hverandre. Rjukan var i sin tid kjent for sin radikale arbeiderbevegelse som gjorde Karl Marx sin

berømte uttalelse til sin - «religion er opium for folket».

Da Rjukanhuset ble åpnet fredag 10 oktober 1930 kunne man i Lars Kjelstadlis prolog høre: «Gjør sosialismen til Eders religion og dette hus til Eders tempel, Eders helligdom, Eders skattkammer.»

Fra motsatt hold skrev Pastor M. A. Øhrn i 1917 at «marxistpressen» anklaget han for å ha kommet til Rjukan for å «Støtte storfolket og motarbeide arbeidernes interesser. Han ble også anklaget for å motarbeide hjelp til de fattige og at han var lønnet av Hydro for dette. Dette var påstander som pastoren selv avviste. I arbeideravisa Bratsberg-Demokraten skrev han: «Men jeg skal i denne forbindelse fortælle «Demokraten»s læsere at jeg er likesaa sikkert en venn av arbeiderne som nævnte blad.»

I Tom Nilsen sitt foredrag fikk vi så få høre mange interessante eksempler på hvordan forholdet mellom kirke og arbeiderbevegelse har utviklet seg. Og hvordan dette kom til uttrykk gjennom uredde og mange ganger jevnbyrdige konfrontasjoner mellom parter som ikke gav seg ved første sverdslag akkurat.

13. februar fikk vi så besøk av Helge Songe som foredro om industribyen Rjukan.

Gründeren Sam Eydes visjon om å “sette fossen til å gjøre nyttig arbeid for menneskene”, var starten på det som skulle bli Hydro og et industrieventyr Norge ikke har sett maken til.

Sam Eyde regnes som både Hydros og Rjukans grunnlegger. Han var en visjonær mann som tenkte stort, kjent for utsagn som “Det er framtiden vi bygger!”. Han satte naturkreftene i arbeid på en slik måte at vi snakker om en revolusjon – den andre industrielle revolusjon. Det er lett å forestille seg en slags kryssning mellom Kjell Inge Røkke og Steve Jobs, der han skaffet seg rettigheter

til vannkraftutbygging og satte Svelgfoss og Rjukanfossens krefter i sving for å få energi til industriproduksjon. Telemark skulle aldri bli som før.

Med fremveksten av prosessindustrien i Norge kom også de såkalte industribyene – det som i et hundreår har blitt kalt de ensidige industristedene. Og den første var Rjukan. Norsk Hydro ble etablert på Notodden. Men der lå det en «by» ved Heddalsvannet på rundt 1000 innbyggere allerede ved århundreskiftet. Så i Notodden bygde Hydro bare et par bydelar for sine ansatte.



Helge Songe.

I Vestfjorddalen, derimot, ryddet Hydro bokstavelig talt tomte og bygde en helt ny by – fra a til å. Helge Songe ble for øvrig ifjor høst tildelt Richard Berges pris for lokalhistorie i Telemark.

Han fikk prisen for sitt mangfoldige arbeid for lokalhistorien gjennom mange år.

Han har videre produsert hele 13 lokalhistoriske bøker, og en av dem er om Krossobanen og er skrevet sammen med Tom Nilsen i 2001, og i revidert utgave i 2019. For tiden arbeider han med en bok om tungtvannssabotørene.

Vi takker alle våre foredragsholdere for deres tid og engasjement. Vi setter stor pris på dere.

Morten Arnesen  
Sogneprest Rjukan

# KIRKE / SMYKKER

Av Gullsmedmester Jørgen Sando



*Det gamle låsbeslaget.*

Kirkekunst fra slutten av 1100-tallet kan fremdeles inspirere! Og her i Tinn er vi så heldige å ha.. ja, ikke så reint lite. Og for en gullsmed som selv etter et helt liv ved verkstedbenken fortsatt lett lar seg begeistre er det en rik kilde til gullsmedkunst.

Allerede for mange år siden så Kolbjørn Sando et smykkepotensiale i låsbeslaget som var på den gamle kirkedøren på Dal kirke den gangen det var en stavkirke. Etter ombyggingen i 1775 ble døra flyttet. (Man kaster da ikke brukbare materialer, gjør man vel?) I veden ser man tydelig spor etter det vakre smijerns låsbeslaget som sto på døra.

Låsbeslaget selv er flyttet. Dette låsbeslaget er så fint og dekorativt at Kolbjørn laget smykker i samme fasong, bare - naturligvis - myyye mindre.

Ekstra morsomt er det at plankene til kirkedørene i gamle Atrå stavkirke og Mæl stavkirke også er bevart; og de har altså spor som viser at det var helt like smijerns låsbeslag på disse også. Sannsynligvis smidd av den samme dyktige smeden lenge før svartedauden.

Om man skulle lete etter det eldste emblemet, eller «logoen» i Tinn, ville muligens låsbeslaget være en god kandidat?



*Rosekorset.*



*Her er Kolbjørn Sando i gang med Rosekorset.*

Det finnes fremdeles en nøkkel, for alt vi vet kan samme nøkkel ha passet i alle tre kirkene i Tinn. Nøkler kan da også bli fine smykker, kan de ikke? Joda, der har Kolbjørn og Jørgen laget tre forskjellige størrelser; alt i fra bitte-små anheng eller ørepynt, og til store nøkler som ofte brukes som husfruenøkler på bunaden.

Husfruenøkler i sølv til bunad er en relativt ny sak, men det viser til den gamle skikken hvor det var kona på gården som hadde nøklene - på de gårdene som var store nok til at de hadde lås på uthusene. I dagens likestillingskamp kan det være noe å tenke på at det som oftest var kona på gården som var sjefen der.

Et ekstra interessant smykke er rosekorset Kolbjørn laget etter rosekorset i Dal kirke; dette korset ser vi med krusifiks på i dag, men til å begynne med var det et rent rosekors. Tilsvarende skal finnes 1 sted, og det er i Borre kirke i Vestfold. Joda, vi har mye som er flott og inspirerende her i Tinn; også fra eldre tider enn Sam Eyde!

Men når det er sagt; den første altertavla i Rjukan kirke; den som gikk tapt i brann - den var også veldig pen. Der var det blant annet en figur av Johannes Døperen. Og på verkstedet hos Gullsmid Sando har det siden 1. generasjon gullsmid ligget en liten modell av denne figuren. For den som har øye for det, har vi rike skatter!



*Låsbeslaget som smykke.*



*Den originale nøkkelen.*



*Nøkkel som Husfruenøkkel til bunad.*



*Ørepynt av Dale-nøkkelen.*



# Gudstjenester i Tinn

| DATO:      | DAG:                         | KL.:  | GUDSTJENESTE:                        | STED:               |
|------------|------------------------------|-------|--------------------------------------|---------------------|
| 20.03.2022 | 3. søndag i fastetida        | 11.00 | Familiegudsteneste                   | Atrå kyrkje         |
| 20.03.2022 | 3. søndag i fastetida        | 17.00 | Familiegudsteneste                   | Hovin kyrkje        |
| 27.03.2022 | Maria budskapsdag            | 11.00 | Gudstjeneste                         | Rjukan kirke        |
| 03.04.2022 | 4. søndag i fastetida        | 11.00 | Familiegudsteneste                   | Mæl kyrkje          |
| 03.04.2022 | 4. søndag i fastetida        | 17.00 | Familiegudsteneste                   | Austbygde kyrkje    |
| 10.04.2022 | Palmesøndag                  | 11.00 | Gudstjeneste                         | Frøystul fjellkirke |
| 14.04.2022 | Skjærtorsdag                 | 11.00 | Nattverdgdudsteneste                 | Tinn helsetun       |
| 14.04.2022 | Skjærtorsdag                 | 11.00 | Nattverdsgudstjeneste                | Sykehuset           |
| 14.04.2022 | Skjærtorsdag                 | 12.00 | Musikkandakt                         | Eldres hus          |
| 14.04.2022 | Skjærtorsdag                 | 13.00 | Utegudstjeneste                      | Gaustablikk         |
| 14.04.2022 | Skjærtorsdag                 | 17.00 | Skjærtorsdagsmesse                   | Frøystul fjellkirke |
| 14.04.2022 | Skjærtorsdag                 | 18.00 | Skjærtorsdagsmesse                   | Skirva fjellkyrkje  |
| 15.04.2022 | Langfredag                   | 11.00 | Pasjonsgudstjeneste                  | Frøystul fjellkirke |
| 15.04.2022 | Langfredag                   | 11.00 | Pasjonsgudsteneste                   | Hovin kyrkje        |
| 15.04.2022 | Langfredag                   | 19.00 | Langfredags Taizé                    | Mæl kyrkje          |
| 17.04.2022 | Påskedag                     | 08.00 | Ottesong                             | Austbygde kyrkje    |
| 17.04.2022 | Påskedag                     | 11.00 | Høytidsgudstjeneste                  | Frøystul fjellkirke |
| 17.04.2022 | Påskedag                     | 11.00 | Høgtidsgudsteneste                   | Atrå kyrkje         |
| 24.04.2022 | 2. søndag i påsketida        | 11.00 | Gudsteneste                          | Skirva fjellkyrkje  |
| 01.05.2022 | 01.mai                       | 11.00 | Solidaritetsgudstjeneste             | Rjukan kirke        |
| 01.05.2022 | 3. søndag i påsketida        | 11.00 | Høgmesse                             | Austbygde kyrkje    |
| 08.05.2022 | 4. søndag i påsketiden       | 11.00 | Gudsteneste                          | Rjukan kirke        |
| 15.05.2022 | 5. søndag i påsketida        | 11.00 | Høgmesse                             | Atrå kyrkje         |
| 17.05.2022 | 17.mai                       | 09.45 | Familiegudsteneste                   | Hovin kyrkje        |
| 17.05.2022 | 17.mai                       | 10.30 | Familiegudstjeneste                  | Rjukan kirke        |
| 17.05.2022 | 17.mai                       | 11.45 | Familiegudsteneste                   | Austbygde kyrkje    |
| 22.05.2022 | 6. søndag i påsketiden       | 11.00 | Gudsteneste                          | Rjukan kirke        |
| 26.05.2022 | Helgetorsdag                 | 19.00 | Taizé-gudsteneste                    | Mæl kyrkje          |
| 29.05.2022 | Sundag før pinse             | 11.00 | Høgmesse                             | Mæl kyrkje          |
| 29.05.2022 | Sundag før pinse             | 17.00 | Høgmesse                             | Austbygde kyrkje    |
| 05.06.2022 | Pinsedag                     | 11.00 | Høgtidsgudsteneste                   | Atrå kyrkje         |
| 05.06.2022 | Pinsedag                     | 11.00 | Høytidsgudstjeneste                  | Rjukan kirke        |
| 12.06.2022 | Treeiningssundag             | 11.00 | Høgmesse                             | Hovin kyrkje        |
| 12.06.2022 | Treeiningssundag             | 17.00 | Høgmesse                             | Atrå kyrkje         |
| 19.06.2022 | 2. søndag i treenighetstiden | 11.00 | Pilgrimsgudstjeneste                 | Rjukan kirke        |
| 26.06.2022 | 3. søndag i treenighetstiden | 11.00 | Folkemusikkmesse,<br>Landskappleiken | Rjukan kirke        |
| 26.06.2022 | 3. søndag i treeiningstida   | 19.00 | Taizé-gudsteneste                    | Mæl kyrkje          |
| 03.07.2022 | 4. søndag i treenighetstiden | 11.00 | Gudstjeneste                         | Rjukan kirke        |

**Gudstjenestelista:** Det kan skje endringer med lista som Kyrkjebod ikke fanger opp tidsnok før trykking. Vi minner derfor om at gudstjenester også kunngjøres i RA

## ALLSANGEN på Eldres Hus våren 2022:

**Allsangen på Eldres hus  
er i 2. etasje kl 11 og  
på Dagavdelingen kl 11.30  
på disse dagene:**

Onsdag 2. mars  
Onsdag 16. mars  
Onsdag 30. mars  
SKJÆRTORSdag 14. April  
Onsdag 27. april  
Onsdag 11. mai  
Onsdag 25. mai  
Onsdag 8. juni  
Onsdag 22. juni

Mvh Britt Elin

## ANDAKTER på Tinn Helsetun våren 2022:

**kl. 11.00 – 11.30**

Onsdag 5. januar  
Onsdag 19. januar  
Onsdag 2. februar  
Onsdag 16. februar  
Onsdag 2. mars  
Onsdag 16. mars  
Onsdag 30. mars  
Skjærtorsdag 14. april  
Onsdag 27. April  
Onsdag 11. mai  
Onsdag 25. mai  
Onsdag 8. juni

